



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Partssamansett utval Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 11.12.2018  
**Tid:** 09:00 – 10:15

---

**Medlemer som møtte:**

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jøgeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

**Forfall:**

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
Vibecke Hodnekvam	MEDL	

**Varamedlemer som møtte:**

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
Anne Grethe Andersen	for Vibecke Hodnekvam	Utdanningsforbundet

**Andre:**

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

---

Leiar Børge Haugetun  
underskrifter

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 17/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 18/18	Referatsaker og orienteringar
PS 19/18	Val av pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune
PS 20/18	Sak om rekruttering i omstillingsperiode - Nye Øygarden kommune

### **PS 17/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**

#### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Saksliste og protokoll frå førre møte (02.10.2018) vart godkjente utan merknader.

Innkallinga vart godkjent med følgjande merknad om sak 19/18 Val av pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune;

Tom Georg Indrevik viste til e-post som partssamansett utval fekk tilsendt kvelden før møtet, frå aktør i sak 19/18. E-posten inneholdt saksopplysningar og Indrevik ber om kommentar frå prosjektrådmann om korleis utvalet skal stille seg til informasjonen. Prosjektrådmann Rune Lid viste til at e-posten bør skjermast frå vidare diskusjon når saka skal behandlast i dag.

#### **Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

### **PS 18/18 Referatsaker og orienteringar**

Det er ingen referatsaker eller orienteringar til møtet.

#### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Det var ingen skriv, meldingar eller orienteringar til møtet.

### **PS 19/18 Val av pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune**

#### **Innstilling:**

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Tom Georg Indrevik tok opp igjen tema under sak 17/18; e-post som vart sendt til utvalet kvelden før møtet, frå aktør i saka, og bad om ytterlegare avklaring frå prosjektrådmann Rune Lid. Lid informerte om saksgangen med høyringsfristar, prosessen med nedsett arbeidsgruppe og involvering frå tillitsvalde på vegne av dei tilsette, og informasjon som kjem fram i rapportar vedlagt saka. Lid bad såleis om at e-posten ikkje vert teken omsyn til i denne drøftinga av saka for å sikre rettvise behandling av alle aktørar.

I diskusjonen som følgde var det fleire hovudtillitsvalde som trakk fram ein særskilt grundig og vellykka prosess som har sikra brei deltaking i arbeidet med saka. Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland bad om å få med følgjande merknad til saksopplysningane under avsnittet «Prosess» - «Som ein del av prosjektgruppa var også hovudtillitsvald Hildegunn Høyland, hovudtillitsvald Rikard Kvaal og hovudverneombod Trude Erstad Villanger». Det vart samstundes avklart at alle i partssamansett utval er gilde til å behandle saka då dei tillitsvalde ikkje har vore involvert i å førebu saksframleggjet.

Det vart samstundes stilt spørsmål til prosjektrådmannen om innstillinga, og prosjektrådmannen viste til at føringar frå dei tillitsvalde, brukarperspektivet, har vore særskilt vesentleg for tilrådinga i saka grunna jamne pensjonsleverandørar.

Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, viste til at diskusjonen i utvalet er med og gir grunnlag for vurderingar og vedtak i saka i fellesnemnda.

Partssamansett utval gjekk samla inn for at prosjektrådmannen si innstilling føl saka vidare til fellesnemnda.

### **Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

## **PS 20/18 Sak om rekruttering i omstillingsperiode - Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

Partsamansett utval vedtek at overordna styringsgruppe er overordna stillingsgruppe med verknad frå 1.1.2019.

### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Fleire av medlemene i utvalet viste til at saka om opprettning av overordna stillingsgruppe og handtering av ledige stillingar i tråd med avtaleverket er eit viktig tiltak, då det aukar fleksibiliteten til den nye kommunen. Det vart også bedt om å få jamlege statusrapportar frå stillingsgruppa noko som vart stadfesta av prosjektrådmann Rune Lid.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

**Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Partsamansett utval vedtek at overordna styringsgruppe er overordna stillingsgruppe med verknad frå 1.1.2019.